

From: Jarand Felland (SP) <jarand.felland@tokke.kommune.no>
Sent: 10. november 2017 10:20
To: Sørensen Jan Arthur
Cc: Jon Rikard Kleven; Hellebust Per Are; Pettersen Vegard; Jensen Carsten Stig
Subject: SV: Vilårsrevisjon Tokkeåi - ny informasjon om tiltak i Tokkeåi
Attachments: Vilårsrevisjon Tokke Vinje vassdraget 9 november 2017.pdf; Fiskebiologiske vurderinger ved Multiconsult av Tokkeåi ovanfor Helvetesfossen og i Dalaåi november 2016.pdf

Hei igjen,

Vi takkar så mykje for oversendte brev frå Statkraft. Vi set pris på at Statkraft seier seg lei for at informasjonen har kome seint i prosessen.

Vedlagt ligg utkast til høyringsinnspel til vilårsrevisjonen frå Tokke og Vinje. Saka skal opp til endeleg handsaming i kommunestyra den 16. november 2017.

Tokke kommune hadde eit positivt møte med regiondirektør Per Are Hellebust 9. november 2017.

Sidan storauren er kritisk truga, er det viktig med god framdrift i saka slik at NVE kan kome med sin innstilling i saka så tidleg som mogleg.

Statkraft sette denne veka i gang eit prosjekt i regi av UNI Miljø i Bergen for å undersøke habitatstilhøva for storauren oppstraums Helvetesfossen.

Til orientering kan vi nemne at det i 2015/2016 var eit ynskje om å gjennomføre ei slik undersøking. Statkraft ynskde då ikkje å vere med på å finansiere ei slik undersøking. Tokke-Vinje vassområde avgjorde at vassområdet likevel ville gjere ei slik undersøking for eigen kostnad. Rapporten blei utført av Multiconsult og var ferdig i november 2016. Rapporten konkluderte med at tilhøva i Øvre Tokkeåi og sideelva Dalaåi er «*meget gode*» for storauren. Rapporten ligg vedlagt.

Vi meiner at det viktigaste ein kan gjere dei neste vekene er å kartleggje Tokkeåi med dronefilm. Truleg bør det også gjerast opptak av Øvre-Tokkeåi og evt Dalaåi for å sjå kor det er eventuelle vandringshinder ved ulik vassføring.


I tillegg bør det straks startast med å prosjektere korleis restaurering av Helveteshylen, Årmotehylen og Geishyl inkludert fisketrapp bør gjerast. På møtet den 9. november fekk vi inntrykk at dette er noko Statkraft alt er i gong med å gjere. Kanskje NVE bør setje ein frist til når Statkraft bør vere ferdig med denne planlegginga?


Vennleg helsing

Jarand Felland

Ordfører (Sp), Tokke kommune

Adresse: Storvegen 60, 3880 Dalen

 +47 35 07 52 00

 +47 975 91 778

 jarand.felland@tokke.kommune.no



www.tokke.kommune.no

Fra: Pettersen Vegard [mailto:Vegard.Pettersen@statkraft.com]

Sendt: 6. november 2017 15:49

Til: Norges vassdrags- og energidirektorat (nve@nve.no) ; Postmottak Tokke ;
postmottak@vinje.kommune.no

Kopi: Jan Sørensen (jaso@nve.no) ; Jarand Felland (SP) ; Jon Rikard Kleven ; Hellebust Per Are

Emne: Vilkårrevisjon Tokkeåi - ny informasjon om tiltak i Tokkeåi

Hei,

Viser til telefonsamtale med Jan Sørensen der vi opplyste at vi har funnet ny informasjon om tiltak i og rundt Helveteshylen i Tokkeåi. Vedlagt ligger brev med denne informasjonen.

Vennlig hilsen

Vegard Pettersen

Senior Specialist

Concessions & Environmental Mgt, Power Generation

__ **MOBILE +47 41 69 26 77**

__ **SWITCHBOARD +47 24 06 70 00**

Statkraft Energi AS

Lilleakerveien 6,

Postboks 200 Lilleaker, 0216 Oslo

www.statkraft.no